



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
16/631-4/K1-121//KDA

Dato:  
19.05.2016

## **UTTALE TIL REGIONAL PLANSTRATEGI FOR 2016 -2020 - EID KOMMUNE**

Vi viser til dykkar offentlege høyring av Regional planstrategi for 2016 – 2020 og til etterfølgjande korrespondanse i saka. Eid kommune gjev følgjande høyringsuttale til den Regionale planstrategien:

Eid kommune viser innleiingsvis til Nordfjordrådet sin uttale til regional planstrategi for 2016 – 2020 og sluttar seg til denne. Vi ynskjer likevel å knytte nokre kommentarar til dei problemstillingane som de reiser i høyringsbrevet..

Som Nordfjordrådet, meiner også Eid kommune at regional planstrategi med sine grunnlagsdokument i all hovudsak er systematisk og godt utarbeidd.

Når det gjeld spørsmålet behov for at fylket tilpassar seg dei globale og nasjonale trendane med sentralisering, gjennom å jobbe målretta for å få til sjølvdrivande regionforstørring i Sunnfjord og rundt Sogndal, så er heller ikkje Eid kommune ukjend med at visse strukturelle forhold normalt vil ha ein positiv innverknad på utviklinga. Telemarksforsking peikar i Regional analyse for Eid 2015 på at særleg tre strukturelle forhold har ein «*signifikant betydning for utviklingen*», og at desse vanskeleg kan påverkast lokalt.

Dei strukturelle forholda er som følgjer:

1. Staden sin storleik

Stadar med mange innbyggjarar har systematisk høgre nettotilflytting.

2. Arbeidsmarknadsintegrasjon

Stader som inngår i større arbeidsmarknader har systematisk høgre nettoflytting.

3. Nabovekst

Nettofilflytting vert positivt dersom dei omkringliggende stadane har arbeidsplassvekst.

Ovannemnde kunne isolert sett tala for at ein i Sogn og Fjordane satsa på å bygge opp få og større regionsenter. Men auka sentralisering er etter Eid kommune sitt syn ikkje fasitsvaret for

distriktsutviklinga i Nordfjord spesielt og i Sogn og Fjordane generelt. Som Nordfjordrådet peikar på i sin uttale, så satsar ein på ei utvikling i regionen gjennom ein fleirkjernestruktur.

For Eid kommune sin del, så har vi generelt sett hatt ei positiv folketalsutvikling og vi hadde i perioden 2000 – 2014 ein høgre arbeidsplassvekst enn normalen for Sogn og Fjordane.

Eid har også eit forholdsvis høgt utdanningsnivå i befolkninga i forhold til andre kommunar, målt ut frå andelen av befolkninga med minst tre års høgskule- eller universitetsutdanning. Dette trass i at fordelinga av statlege kompetansearbeidsplassar mellom Nordfjord og områda Indre Sogn, Sunnfjord er svært ulik. Av ca 2.000 statlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane ligg godt over 1.000 av desse i dei to kommunene Sogndal og Leikanger, over 500 ligg i Førde-regionen og under 200 i Nordfjord. Folketalet i Nordfjord på si side, er tre gongar høgare enn i Sogndal/Leikanger. Frå vårt syn, kan ovannemnde i ein stor grad forklare ein del av skilnadene i utviklinga mellom dei tre områda. At fylket har ein strategi for å lokalisere fleire statlege kompetansearbeidsplassar til Nordfjord i den føreståande utflyttinga av statlege arbeidsplassar som no er varsle, bør difor vere sjølvsagt. At Eid likevel lukkast på fleire område viser at det er mogleg å skape vekst og utvikling trass i vanskelege strukturelle forhold.

Vi legg til grunn at de i planstrategien legg vekt på satse på 3 sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknader i fylket. For å lukkast med dette må fylkeskommunen, i samarbeid med kommunane, ha fokus på å skaffe seg nødvendig kunnskap om dei langsiktige utfordringane i desse områda og kunnskap om kva som skal til for å løyse desse. For å underbygge vårt standpunkt viser vi vidare til Regional Analyse for Eid 2016, der Telemarksforsking peikar på følgjande:

*«For at utviklingen på et sted skal kunne påvirkes gjennom bevisste strategier, er det nødvendig å forstå sammenhengene og avdekke årsaker og drivkrefter til den faktiske utviklingen»*

Og med utgangspunkt i ovannemnde sitat svarer vi også på dykkar spørsmål om «*kva for strategiar treng vi for å løyse ut potensialet for vekst og utvikling i alle deler av fylket*». Alle stadar er ulike og det å skaffe seg kunnskap om årsakene til tala bak statistikken vil vere nødvendig for å finn eigna verkemiddel for utvikling, ikkje berre for fylkeskommunen men også for kommunane.

De spør også om «*korleis kan vi jobbe målretta med attraktivitet og mangfold i arbeidsplassar for alle, også slik at vi får fleire høgt utdanna kvinner i fylket*». I planstrategien viser de til sosiolog Kåre Heggen som peikar på at bygdejentene gjer som innvandrarjentene, dei gjer meir skulearbeid og dei skaffar seg høgre utdanning enn bygentene og bygdegutane. Samstundes gjer denne prosessen at dei i større grad endrar haldninga og perspektiv på livet, slik at avstanden til bygda veks. Dersom denne teorien stemmer, så kan dette tyde på at mange kvinner som flyttar ut, flyttar ut med, eller i alle fall gjennom studiet utviklar, ein tanke om at livet i mindre urbane strok ikkje er like attraktivt som livet i dei større tettstadane/byane. Kva som gjer at ein ikkje finn bygdene like attraktive er vel det første spørsmålet som ein bør finne svar på. Dernest må ein finne eigna verkemiddel for å snu denne trenden.

I høyringsbrevet ynskjer de vidare svar på korleis kan vi styrke samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for få fram tiltak som inkluderer innvandrarar enno betre. Vi vil her understreke at utdanning er svært viktig for innvandrarane, men vi ser at særleg vidaregåande opplæring ikkje er tilpassa denne gruppa. Vi treng auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring og vi treng opplæringstilbod både for ungdom og for vaksen om vi skal lukkast med integreringsarbeidet. Som døme på eit godt og fleksibelt tilbod viser vi til helsefagutdanninga på Firda vidaregåande.

De etterspør også korleis vi kan tilpasse oss det grøne skifte og kva klimaomstilling vil innebere for oss.

Dersom ein skal nå dei ambisiøse måla som planstrategien her dreg opp, om å bli eit "føregangsfylke i det grøne skiftet", bør arbeidet med ein plan på klima startast opp allereie i 2016 og ikkje vente til 2017. Nasjonalt er ein i gang med å få på plass eigna verktøy for vidare arbeid med miljø og klimatilpassing og det er viktig at fylkeskommunen byggjer vidare på dette og set konkrete mål, forventingar og strategiar for korleis kommunane i fylket skal arbeide med desse problemstillingane. På dette området vert det svært viktig fylkeskommunen føl opp dei nasjonale forventingane om gode og effektive planprosessar.

Med helsing

Kristine Dahl  
Plan-og utviklingssjef